

# Prosjektmal-midler til bedre læringsmiljø

<b>Skoleeier</b>	Lindås kommune
<b>Skole(r)</b>	Dei kommunale grunnskulane i Lindås kommune
<b>Kontaktperson</b> Telefonnummer og e-post	Kristin Moe Tlf.nr. 56 37 52 97/ 98 85 72 05 Kristin.Moe@lindas.kommune.no
<b>Navn på prosjektet</b>	<b>Vurdering og klasseleiing/ Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning</b>
<b>Bakgrunnsinformasjon</b>	<p><b>-Begrunnelse for søknaden</b> <b>-Hvilke utfordringer skal prosjektet bidra til å bedre?</b></p> <p>Lindås kommune har fire kommunale satsingsområde for grunnskulen dei komande skuleåra (<i>Vurdering og klasseleiing, Styrking av den ordinære opplæringa og spesialundervisning, Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter og Ungdomstrinnet meir praktisk retta</i>).</p> <p>Vi finn at to av våre satsingsområde er direkte retta mot Fylkesmannen sine kriterier for tildeling av støtte til dei utlyste midlane til tiltak for betre læringsmiljø. Dette gjeld områda <i>Styrking av den ordinære opplæringa og spesialundervisning</i> samt <i>Vurdering og klasseleiing</i>.</p> <p>Satsingsområdet Vurdering og klasseleiing har vi arbeidd med over fleire år, men av ulike grunnar har vi ikkje har ført over på «drift» enno. Vi ser mellom anna behovet for å følgje opp kompetansetiltak systematisk også etter innføringsperioden (det kjem nye tilsette, behov for overordna prosessleiing ved overgang til «drift» for å sikre at gode tiltak blir vidareført). Vi har utarbeidd kommunale retningsliner for vurdering etter å hatt fokus på Vurdering for læring i fleire år no. For å sikre oss at retningslinene blir forstått og praktisert i felles retning, ønskjer vi å etablere fora for kompetansebygging, rettleiing og oppfølging av skulane/tilsette. Vi vil også etablere tilsvarande fora i høve til siste del av implementeringsfasen av innføring av DUÅ-programmet i alle barneskulane i kommunen, samt styrkje driftsfasen av dette programmet etter kursing av alle tilsette ved dei ulike skulane. Dette i samarbeid med skuleleiarar og PPT.</p> <p>Med satsingsområdet Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning ønskjer vi å styrkje den ordinære opplæringa gjennom god tilpassa opplæring, samt at tiltak blir sette i verk raskt i høve til elevane sine behov. Kartlegging, etablering av tiltak og oppfølging med evaluering skal vere ein del av den kommunale praksis i høve til elevane våre. Dette vil også gjelde elevar med spesialundervisning.</p> <p>For å styrkje skulane i høve til etablering av tiltak for tilpassa opplæring samt vurdere om elevar ikkje har tilstrekkeleg utbyte av den ordinære opplæringa, har vi i vår etablert ressursteam ved alle skulane. Ressursteamet består av leiinga, spesialpedagogar og PPT, og skal vere eit systemtiltak for å sikre at skulane sin praksis er i samsvar med Opplæringslova i høve til skulen sitt arbeid med opplæringa i fag, individuelle opplæringsplanar, individuell undervegsvurdering, spesialundervisning og særskild språkopplæring. PPT deltek i møte med skulane etter ein oppsett plan, eller ved behov.</p>

**Postadresse:**  
Postboks 2924 Tøyen, 0608 Oslo  
**Besøksadresser:**  
Kolstadgata 1, Oslo  
Britveien 4, Molde  
Parkgata 36, Hamar

**Telefon:**  
+47 23 30 12 00  
**Telefaks:**  
+47 23 30 12 99

**E-post:**  
post@utdanningsdirektoratet.no  
**Internett:**  
www.utdanningsdirektoratet.no

**Bankgiro:**  
7694 05 10879  
**Org.nr.:**  
NO 970 018 131 MVA


<b>Prosjektets mål</b>	<p><b>-Hva vil dere oppnå med prosjektet?</b> Vi har følgjande målsetjing for satsingsområda:</p> <p><b>Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. God tilpassa opplæring – «rett tiltak til rett tid»</li> <li>2. Elevane opplever meistring og får utvikle sine evner og talent</li> <li>3. Nedgang i tal elevar med særskilde behov på ungdomssteget i perioden 2014-2018</li> <li>4. Førebyggjande systemarbeid mellom skule og PPT er etablert ved alle skulane</li> </ol> <p><b>Vurdering og klasseleiing:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Auka læring, lærelyst og motivasjon hjå elevane</li> <li>2. Tydeleg og proaktiv klasseleiing</li> <li>3. Eit godt læringsmiljø der alle er positivt involvert</li> </ol> <p><b>Kriterier for måloppnåing:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Færre elevar på nivå 1 og 2 på nasjonale prøvar</li> <li>2. Færre elevar med vedtak om spesialundervisning på ungdomstrinnet</li> <li>3. Fleire elevar som i Elevundersøkinga melder at dei opplever å få tilrettelagt opplæring i samsvar med egne evner og føresetnader, at dei får tydelege og konstruktive tilakemeldingar både fagleg og sosialt samt har høve til å medverke</li> <li>4. Tydeleg struktur i undervisningsforløpet</li> <li>5. Tydelege mål for elevane si læring og læringsmiljø</li> <li>6. Høge forventningar til alle elevane, tilpassa deira føresetnader</li> <li>7. Dei fire prinsippa for god undervegsvurdering er i bruk i det daglege (forskrift til opplæringslova)</li> </ol> <p><b>Målemetode - Oppfølging:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Analyse og vurdering av måleindikatorar på eigen skule</li> <li>2. Refleksjon og eigenvurdering med tilbakemelding til skuleeigar</li> <li>3. Synleggjering og dokumentasjon av system og praksis til skuleeigar</li> <li>4. Refleksjon kring skulen sitt resultat/arbeid i årleg kvalitetssamtale mellom skule og skuleeigar</li> <li>5. Utarbeide plan for oppfølging</li> </ol>
<b>Tiltak</b>	<p><b>-Hvordan skal tiltakene bidra til å fremme målene for prosjektet?</b> For kvar tiltaksskildring som er sett opp i høve til kommunen og skulane sitt arbeid med utviklingsområde, vert det lagt opp til å nytte følgjande framgangsmåte for implementering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Forankring i leiinga</li> <li>✓ Skulering av ressurspersonar</li> <li>✓ Spreiing av kompetanse via ressurspersonar</li> <li>✓ Bruk av modell for kompetansearbeid (Målsetjing-Kompetansebehov-Kompetansekartlegging-Analyse-Tiltak-Evaluering)</li> <li>✓ Oppfølging</li> </ul> <p>Ved at det er etablert nettverk for erfaringsdeling og rettleiing samt ressurspersonar ved eigen skule, har vi tru på at vi skal arbeide oss i riktig retning i høve til målsetjinga. I tillegg er alle tiltak forankra hjå skuleleiar og skuleeigar.</p> <p>Vi legg opp til følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Etablere nettverk mellom skulane</li> <li>✓ DUÅ: Kompetansebygging – ressurspersonar på skulane</li> <li>✓ DUÅ: Kompetansebygging – nye tilsette i kommunen</li> <li>✓ DUÅ: Kompetansebygging – prosess på skulane; rettleiing og oppfølging</li> <li>✓ Vurdering: Kompetansebygging – ressurspersonar på skulane</li> <li>✓ Vurdering: Kompetansebygging – nye tilsette i kommunen</li> </ul>

- ✓ Vurdering: Kompetansebygging – prosess på skulane; rettleiing og oppfølging
- ✓ Klasseleiing: Kompetansebygging - kurs, rettleiing til skulane
- ✓ KIS: Kompetansebygging – nye tilsette i kommunen
- ✓ Etablere ressursteam ved skulane
- ✓ Drifte kompetansenettverk i kommunen
- ✓ Mind: SET – Kursmodell for 4 skular (fokus på styrke heller en vanske)
- ✓ Tilpassa opplæring: Kompetansebygging – ressurspersonar på skulane
- ✓ Tilpassa opplæring: Kompetansebygging – nye tilsette i kommunen
- ✓ Tilpassa opplæring: Kompetansebygging – prosess på skulane; rettleiing og oppfølging

**-Hvilken kunnskap er tiltakene basert på?**


Tiltaka er basert på teori om lærande organisasjonar med fokus på å involvere den einkilde aktør i skulemiljøet.

Vi nyttar KIS-sløyfa som utgangspunkt i kvalitetssamtalen mellom skule og skuleeigar (Senter for erfaringsdeling 2008).



Modellen si sterke side er at læringa i alle ledd går begge vegar, og at ein gjennom denne metoden kan utvikle ein samanhengande vurderingspraksis på alle nivå i organisasjonen. Modellen tek høgde for både "å telje og fortelje".

Vidare oppmodar vi skulane til å bruke Skandsen, Wærness og Lindvig (2011) sin modell for endringsprosessar til refleksjon, vurdering, justering og etablering av tiltak kring utviklingsarbeidet.



I tillegg handlar det i stor grad om å medverke til at elevane utviklar sjølvregulert læring og har tru på eiga læringskapasitet. Ved å ha vaksne som viser dei har tru på eleven, veit vi har innverknad på elevane si læring (Bavhmann og Haug 2006).

	<p><b>-Er tiltakene en del av eller knyttet til skolens kjernevirksomhet?</b>        Ja, tiltaka er direkte knytt til opplæringa, utvikling av undervisningskompetanse, relasjonskompetanse og klasseleiingskompetanse. Dette er også dei områda Dansk Clearinghouse, etter oppdrag frå Udir konkluderer med er lærarkompetanse som i størst grad er med på å fremje elevane si læring (Nordenmo m.fl. 2008).</p>
<p><b>Organisering</b></p>	<p><b>-Hvordan skal prosjektet forankres?</b>        Satsingsområda i strategiplanen til Lindås kommune vart utarbeidd gjennom medverknadsprosessar mellom skulane og skuleeigar. Vidare vert Tilstandsrapporten og Strategiplanen vert lagt fram til orientering og drøfting i levekår tysdag 13.mai. Det vert lagt opp til eit dialogmøte mellom skuleleiarar og administrativ og politisk leiing i kommunen. Dette har vi etter kvart gode erfaringar med.</p> <p>Med utgangspunkt i strategiplanen for 2014-18 vert det utarbeidd ein verksemdsplan for skuleeigar 2014-15. I denne planen er tiltak for å oppnå målsetjinga for satsingsområda utfyllande presentert. Skulane vil byggje på strategisk plan og verksemdsplan for skuleeigar ved utforming av skulen sin eigen verksemdsplan.</p> <p><b>-Hva slags rolle skal skoleeier ha i prosjektet?</b>        Skuleeigar har ei aktiv rolle i prosjektet, og vil vere prosjektleiar for dei ulike satsingsområda. Til prosjektleiarrolla ligg overordna leiing, kontakt med kompetansepersonar samt drift av nettverk og oppfølging av skulane.</p> <p><b>-Hva slags rolle skal ledelsen på skolen(e) ha i prosjektet, og hva slags kjennskap har ledelsen til å drive utviklingsarbeid?</b>        Leiinga ved skulen deltek som ressurspersonar, saman med 1-2 pedagogar. Fleire av skuleleiarane våre har god kompetanse i å drive utviklingsarbeid.</p> <p><b>-Er prosjektet skoleomfattende og involverer hele skolen?</b>        Ja, vi legg i stor grad vekt på å involvere heile skulemiljøet i utviklingsarbeida.</p>
<p><b>PPT</b></p>	<p><b>-Prioriterer skoleeier kompetanseutvikling innen læringsmiljø og systemrettet arbeid for PPT?</b>        Ja, dette er prioritert både frå PPT og skuleeigar si side. PPT ønskjer i større grad å arbeide systemretta, og fleire av skulane er i gong med individretta kartlegging som berre for nokre få år sidan kun vart utført av PPT. Her har vi meir å gå på.</p> <p><b>-Skal PPT og skolen(e) samarbeide i prosjektet?</b>        Ja, PPT deltek som rettleiarar i ressursteam samt i nettverk for DUÅ og kompetansenettverk for å styrke ordinær opplæring/spesialundervisning. Vi ønskjer å medverke til at PPT i større grad kan nyttast som ressurs ved kompetanseutvikling i høve til utvikning av læringsmiljøet samt systemretta arbeid frå PPT.</p> <p>Det er også viktig å byggje felles forståing for korleis vurdere elevane sitt utbyte av opplæringa, og når rett til spesialundervisning må vurderast. Dialog mellom skule og PPT trur vi vil medverke til auka forståing, merksemd og forplikting.</p> <p>Vi trur også at PPT kan fungere som rettleiar til tilsette, slik at ein i større grad tek i bruk varierte metodar, tiltak i undervisninga. Ved å bruke den informasjonen vi har om eleven til å utvikle gode lærings situasjonar, har vi von om auka læring som resultat.</p>

Framdriftsplan	TEMA	HAUST 2014	VÅR 2015	HAUST 2015	VÅR 2016	HAUST 2016	VÅR 2017	HAUST 2017	VÅR 2018
	Vurdering og klasseleiing	→			→				
	Styrking av ordinær opplæring	→				→			
	Implementeringsfase	→							
	Driftsfase	→							
Rutiner for egevaluering	<p>I årshjul for kvalitetsutvikling er evalueringstidspunkta plassert.</p> <p>Vi nyttar KIS-modellen til refleksjon og skulane førebur seg ved egevaluering. Her gjer skulane bruk av Skandsen, Wærness og Lindvig (2011) sin modell for evaluering, i tillegg til eigenvurderingsskjema for regelverksetterleving som er utarbeidd av Udir og kommunen sitt evalueringsskjema i høve til skulebasert vurdering.</p>								
Budsjett Hovedposter	Utviklingsområde	Tiltak	Kostnad (kr.)	Sum					
	"Vurdering og klasseleiing"	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kursdagar</li> <li>• Nettverk</li> <li>• Rettleiing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 100.000</li> <li>• 50.000</li> <li>• 20.000</li> </ul>	170.000					
	Styrking av ordinær opplæring	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kursdagar</li> <li>• Nettverk</li> <li>• Rettleiing</li> <li>• Utstyr</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 100.000</li> <li>• 50.000</li> <li>• 20.000</li> <li>• 20.000</li> </ul>	190.000					
				360.000					
<p>Då det ikkje er høve til å søkje FM om midlar til driftsoppgåver eller kjøp av utstyr i denne prosjektsøknaden, søkjer Lindås kommune om støtte til å etablere kontakt med eksterne kompetansmiljø for gjennomføring av kurs i Vurdering og klasseleiing samt Styrking av den ordinære opplæringa. Frå tidlegare av har vi vore godt nøgd med kurspakke frå BRO Ascehoug. Vi legg opp til 4 kursdagar à kr. 50.000, og søkjer difor om <b>kr. 200.000</b> i støtte til dette. Dette vil dekke leige av lokale, enkel servering samt honorar til kurshaldar.</p> <p>Vonar på eit positivt svar på søknaden!</p> <p>Lindås kommune 30.4.14</p> <p>Kristin Moe Einingsleiar</p>									